



# Møteinnkalling

## Møre bispedømeråd 2020-2023

---

Møtedato: 15.10.2021 kl. 10:15

Møtested: Molde

Arkivsak: 19/04266

---

Mulige forfall meldes snarest til Elise Lindvåg Solemdal, [es326@kirken.no](mailto:es326@kirken.no).

MOLDE, 12.10.2021

Elise Lindvåg Solemdal  
Sekretær



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2020-2023

# Møteinnkalling

## Møre bispedømmeråd 2020-2023

---

Møtedato: 15.10.2021 kl. 10:15  
 Møtestad: Molde – Møre bispedømmekontor  
 Arkivsak: 19/04266

---

Eventuelt forfall kan bli meldt til møtesekretær Bjørn Olaf Storhaug tlf 92810040 eller e-post bs665@kirken.no. Vararepresentanter møter etter nærare melding fra møtesekretær. Til no har Ann-Kristin Sørvik og Monika Tettli meldt forfall. Vara blir innkalla.

### Litt meir om dagen:

Møtet blir halde fysisk i store møterom på Møre bispedømmekontor. Tidsramme for møtet er kl 10:15 til 16:30 og byrgjar med **opning/ord for dagen v/Rikke Kopperstad**

Møtet blir leia av Ole Martin Grevstad.

### **Merk særleg**

- saksdokument i sak 60/21 blir ettersendt
- i sak 61/21 er 4 innleiarar i tillegg til saksordførar.
- i sak 62/21 ved førebuing til Kyrkjemøtet er komitemedlem(mer) for aktuell sak innleier.

Lunsj blir servert ca kl 11:45 saman med stab.

## **SAKSLISTE**

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

56/21 19/04266-108 Innkalling og saksliste Møre bispedømmeråd 15.10.21

### **Godkjenning av protokoll**

57/21 19/04266-105 Protokoll frå møte Møre bispedømmeråd 20.09.21

58/21 19/04266-107 Protokoll frå møte Møre bispedømmeråd 05.10.21

### **Saker til behandling**

59/21 21/02735-3 Høyringsssvar konverteringsterapi, Møre bispedømmeråd  
**Saksordførar: Ingeborg Midttømme**



## DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2020-2023

- 60/21 21/03113-7 - - Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1  
**Saksordfører: Therese Utgård**
- 61/21 20/03067-22 Ny kyrkjeleg organisering - 1. gongs handsaming  
**Saksordfører: Olav Myklebust**  
Innleiar demokrati: **Frode Rabbevåg**  
Innleiar biskopens rolle: **Arne Moltubak**  
Innleiar relasjon kommune/kyrkje: **Olav Myklebust**  
Innleiar arbeidsgiveri og dagleg leiing: **Olav Rønneberg**
- 62/21 21/03357-1 Kyrkjemøtet 2021 - Møre bispedømmeråd si førebuing
- Orienteringssaker**
- 63/21 21/00273-6 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 15.10.21

MOLDE, 08.10.21

Bjørn Olaf Storhaug  
møtesekretær



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd 2020-2023

# Møteprotokoll

## Møre bispedømeråd 2020-2023

- Unntatt offentlighet

Møtedato: 20.09.2021 kl. 10:15

Møtested: Molde

Arkivsak: 19/04266

Til stede: Monika Tettli (uavh), Ann Kristin Sørvik (Nominasjonskomiteens liste), Frode Rabbevåg (Nominasjonskomiteens liste), Ole Martin Grevstad (Åpen folkekirke), Margaret Mørk (Åpen folkekirke), Evy Sisilie Bergum (Åpen folkekirke), Ingeborg Midttømme, Olav Christian Rønneberg, Arne Moltubak,

Møtende varamedlemmer: Margaret Mørk for Olav Myklebust, Evy Sisile Bergum for Therese Utgård Aas.

Forfall: Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke), Olav Myklebust (Åpen folkekirke)

Andre: Ragnhild Annie Fuglseth (Presteforeininga) Kristian Finn Risung (TeoLogene), Personalsjef Alice Elnes i sak 48/21

Protokollfører: Bjørn Olaf Storhaug

Opning/  
Ord for dagen: Olav Rønneberg

### SAKSLISTE

Side

#### Godkjenning av innkalling og saksliste

[46/21](#) Innkalling og saksliste Møre bispedømeråd 20.09.21 2

#### Godkjenning av protokoll

[47/21](#) Protokoll Møre bispedømeråd 14.06.21.docx 3

#### Tilsettingssaker

[48/21](#) Tilsetting av sokneprest i Nordre Sunnmøre prosti med Spjelkavik sokn som særleg tenestestad. - Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 3

**Saker til behandling**

<a href="#">49/21</a>	Høyringsvar vedr. nye reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett	4
<a href="#">50/21</a>	Rekneskapsrapport 2. kvartal 2021	5
<a href="#">51/21</a>	Strategiplan 21 - 25, overordna styringssignal under utvikling	5
<a href="#">52/21</a>	Budsjett og årsplan 2022 - overordna styringssignal	6
<a href="#">53/21</a>	Møteplan 2022 Møre bispedømeråd	7

**Orienteringssaker**

<a href="#">54/21</a>	Orienteringer til møte i Møre bispedømeråd 20.09.21	8
-----------------------	---	---

Sted, 08.10.2021

Bjørn Olaf Storhaug  
Sekretær

**Godkjenning av innkalling og sakliste****46/21 Innkalling og sakliste Møre bispedømeråd 20.09.21**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	46/21

**Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:****Møtebehandling**

Innkalling og sakliste gjennomgått utan kommentarar

**Votering**

Samrøystest 9 av 9 stemmer

**Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømeråd godkjenner innkalling og sakliste

[Lagre vedtak]

**Godkjenning av protokoll****47/21 Protokoll Møre bispedømeråd 14.06.21**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	47/21

**Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 14.06.21

**Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:****Møtebehandling**

Protokoll frå møte 14.06.21 er tidlegare sendt ut for gjennomgang og kommentar. Til spørsmål om protokoll, så er protokollen ein mal utvikla til bruk i alle bispedømer. Ønske om meir utfyllande informasjon vil bli følgd opp.

**Votering**

Samrøystest 9 av 9 stemmer

**Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 14.06.21

[Lagre vedtak]

**Tilsettingssaker****48/21 Tilsetting av sokneprest i Nordre Sunnmøre prosti med Spjelkavik sokn som særleg tenestestad.**

*Unntatt etter offentlighetsloven Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1*

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	48/21

**Forslag til vedtak**

Ein viser til innstillingsrådet si innstilling.

**Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:**

## Møtebehandling

Saksordførar: Margaret Mørk

I denne saka gjer bispedømerådet vedtak om tilsetting i stilling som sokneprest.

## Votering

Samrøystest 9 av 9 stemmer

## Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd tilset på fastsette vilkår som sokneprest i Nordre Sunnmøre prosti med Spjelkavik som særleg enestestad:

Som nr 1: Anders Gustavson Grytten – 9 av 9 stemmer

Som nr 2: Anders Barstad – 9 av 9 stemmer

[Lagre vedtak]

## Saker til behandling

### 49/21 Høyrings svar vedr. nye reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	49/21

## Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar høyringsuttale slik det går fram av saksutgreiinga.

## Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:

## Møtebehandling

Saksordførar: Arne Moltubak

I denne saka gjer bispedømerådet vedtak om endringar i reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett, mellom anna slik at det er høve til elektronisk stemmegiving.

## Votering

Samrøystest 9 av 9 stemmer

## Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar høyringsuttale slik det går fram av saksutgreiinga.

[Lagre vedtak]

## 50/21 Rekneskapsrapport 2. kvartal 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	50/21

### Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar rekneskapsrapportane for juni og juli til vitande.

### Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:

#### Møtebehandling

Saksordførar: Frode Rabbevåg

I denne saka fekk bispedømerådet orientering om økonomistatus for 2. kvartal og for juli, men og prognose framover og status for målsetting om å gå i rekneskapsmessig balanse for 2021.

#### Votering

Samrøystest 9 av 9 stemmer

### Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd tar rekneskapsrapportane for juni og juli til vitande

[Lagre vedtak]

## 51/21 Strategiplan 21 - 25, overordna styringssignal under utvikling

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	51/21

### Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:

#### Møtebehandling

Saksordførar: Ole Martin Grevstad

Bispedømerådet samtalte om prosess og innhald knytta til arbeidet med strategiplan. Kyrkjerådet sine utkast til strategiplan vart lagt fram og kommentert.

Det vart gitt kommentarar og moment til vidare arbeid med strategiplan for Møre.

Noverande visjonsdokument er ønskt erstatta av dei dokument som Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet no utviklar.

#### Votering



Samrøystest

### **Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømeråd gir desse styringssignala til vidare arbeid med strategiplan for perioden 2022 – 2029:

- Møre bispedømeråd vil i sitt plan- og strategiarbeid opp malen for strategiplan som Kyrkjemøtet legger opp til.

Møre bispedømeråd vil arbeide vidare med strategiplan for 2022-2029 etter at vedtak i Kyrkjemøtet er gjort.

[Lagre vedtak]

### **52/21 Budsjett og årsplan 2022 - overordna styringssignal**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	52/21

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd gir føringar for det vidare arbeidet med årsplan og budsjett

### **Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:**

#### **Møtebehandling**

Saksordfører: Olav Myklebust

I denne saka blei det drøfta overordna føringar for det arbeidet som administrasjonen vil gjere med årsplan og budsjett for 2022.

#### **Votering:**

Samrøystest 9 av 9 stemmer.

### **Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Møre bispedømeråd gir føringar for det vidare arbeidet med årsplan og budsjett:

- Møre bispedømeråd vil følgje opp desse satsingsområda
  - o Bygge fellesskap for barn og unge
  - o Diakoni
- Møre bispedømeråd vil arbeide vidare med desse fokusområda:
  - o Kunst og kultur – Møre bispedøme som kulturbispedøme
  - o Digital kyrkje
  - o Kyrkjeleg gravferd
  - o Rekruttering
  - o Kyrkje i det fleirkulturelle Noreg
- Budsjett skal bli lagt opp med noverande stillingsressursar og fordelingsnøkkel.

[Lagre vedtak]

## 53/21 Møteplan 2022 Møre bispedømeråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	53/21

### Forslag til vedtak

- Møre bispedømeråd vedtar slik møteplan for 2022:
  - 24/1
  - 14/3
  - 25/4
  - 13/6
  - 10/9
  - 31/10
  - 12/12

### Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:

#### Møtebehandling

Saksordførar: Monika Tettli

Møre bispedømeråd vedtar i denne saka møteplan for 2022. Feil i saksframlegget for ein av dagane blei retta opp.

Forslag om å endre møtedato for møtet 15/10-21 blei votert over.

#### Votering

Votering om møteplan for 2022: Samrøystes 9 av 9 stemmer

Votering om flytting av møtedato 15/10-21. Falt med 7 mot 2 stemmer

#### Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

- Møre bispedømeråd vedtar slik møteplan for 2022:
  - 24/1
  - 14/3
  - 25/4
  - 13/6
  - 12/9
  - 31/10
  - 12/12
- Møre bispedømeråd oppretthaldar dato for møte 15/10-21

[Lagre vedtak]

## Orienteringssaker

### 54/21 Orienteringer til møte i Møre bispedømeråd 20.09.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømeråd 2020-2023	20.09.2021	54/21

#### Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande

#### Møtebehandling i Møre bispedømeråd 2020-2023 20.09.2021:

#### Møtebehandling

Saksordførar: Ann-Kristin Sørvik

I denne saka vart bispedømerådet orientert skriftleg og munnleg. Spørsmål blei gitt svar på.

Desse orienteringane lå skrifleg:

- Ny kykjeleg organisering – høyringsprosess i Møre
- Stiftsdagar gjennomført 15-17/9 for alle tilsette i Møre bispedøme
- Visitasar 2021
- Ledige stillingar og rekruttering – oversikt blei delt ut i møtet og gjennomgått.
- Kyrkerådet sitt møte 23-24/9 – enkelte av sakene kommentert.
- Høyringssaker
- Strategiplan Samisk Kyrkjeliv
- Smittevern og forventa gjenopning
- Arbeidsplassundersøking for tilsette i Den norske kyrkja

Munnlege orienteringar

Frå biskop Ingeborg Midttømme

- orientering om tema i biskopens time under stiftsdagane.
- Markering 19/11 - 60 år med kvinneleg presteteneste
- Biskopens studiepermisjon med tema «Jesusvekkelsen»
- Besøk frå Newcastle bispedømme med deltaking i Geiranger
- Ny biskop i Newcastle
- Ingeborg blir 60 år 20/11.
- Ole Nordhaug – første biskop i Møre – er død.
- Samisk Kyrkjeliv i Møre. Vil bli følgt opp, særleg i Nordmørs-prostia

#### Votering

Samrøystes 9 av 9 stemmer

#### Møre bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande

[Lagre vedtak]





DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd 2020-2023

# Møteprotokoll

## Møre bispedømeråd 2020-2023

---

Møtedato: 05.10.2021 kl. 18:00  
Møtested: Teams  
Arkivsak: 19/04266

Til stede: Monika Tettli (uavh), Ann Kristin Sørvik (Nominasjonskomiteens liste), Frode Rabbevåg (Nominasjonskomiteens liste), Ole Martin Grevstad (Åpen folkekirke), Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke), Olav Myklebust (Åpen folkekirke), Olav Gading (fung biskop), Olav Christian Rønneberg, Arne Moltubak

Møtende vara: Olav Gading for Ingeborg Midttømme

Forfall: Ingeborg Midttømme (biskop)

Andre: Ingen

Protokollfører: Bjørn Olaf Storhaug

### SAKSLISTE

#### 55/21 Personalsak – orientering

Møtet vart holde etter ønske frå fleire rådsmedlemmer og etter innkalling frå leiar. Fungerande biskop orienterte om tilsetting i vikariat og vidare handtering.

Det blei gitt kommentarar og innspel. Spørsmål blei besvart så langt som det var mulig.

#### **Vedtak:**

Møre bispedømeråd tar orienteringa til vitande og ei evaluering av tilsettingsprosessen i neste møte.

Sted, 08.10.2021

Bjørn Olaf Storhaug

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	011	20/03067-22	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
61/21	Møre bispedømmeråd 2020-2023	15.10.2021

## Ny kyrkjeleg organisering – 1. gongs handsaming

### Vedlegg:

Høyringsspørsmåla ny kyrkjeleg organisering, wordformat - nynorsk (1)  
Den augsburgske bekjennelse ,Confessius Augustana art 5 og 7  
samhandling i en selvstendig folkekirke - sluttrapport fra hovedutvalget for kirkelig organisering - med vedlegg

### Saksorientering

#### Innleiing

Saka om ny kyrkjeleg organisering har prega samtalar og møter i lang tid. Det er eit ønskje som er formulert både i Møller-Nilsen utvalet sin eigen rapport og som summerer opp dei fleste samtalar, anten dei skjer i korridorar og på lunsj-rom eller dei finn stad i møterom og under møteleiing, at det skal bli godt når denne prosessen er over. Veggen fram til dit kyrkja no er komen har vore lang, og sjølv om kyrkja aldri kan bli ferdig med å fornye seg, er vegvalet knytt til kyrkjeleg organisering etter innføring av trus- og livssynsamfunnslova, av svært stor betydning når kyrkja endeleg skal vere «åleine heime» for første gong på svært lang tid.

Saksutgreiinga tar ikkje mål av seg å summere opp innhaldet i alle dei dokument og opplysningar som er lagt fram i saka. Ein viser her til hovudrapporten til Møller-Nilsen utvalet og til dei 4 delrapportane. I tillegg finn ein uteljelege artiklar og lesarinnlegg i aviser og i medium som heilt sikkert har forma og lagt farge til meiningar og ståstad hos mange. Utover vedlegga er meir informasjon å hente her: <https://kirken.no/kirkeligorganisering>

### Nokre grunnleggjande innsteg

#### Kva er eit embete?

I samtalanane om ny kyrkjeleg organisering, ikkje minst frå møta med dei som skal gi høyringsfråsegn i sokneråda, ser det ut som at ein av hovudutfordringane er å skjønne det særreigne i kyrkja sin organisasjon, nemleg samvirke mellom rådsstrukturen og det kyrkjelege embetet.

Rådsstrukturen slik denne er forankra i kyrkja, gjennom råd og utval frå sokneråd til kyrkjemøte, er å likne med mange andre organisasjonar. Det er freistande å forstå ny kyrkjeleg organisering slik at oppgåva til høyringsorgana er å gi fråsegn til ein slik oppbygd organisasjonsstruktur. Det synes vanskelegare å gi plass til den andre støtta som kyrkjeleg



organisering lyt forankrast i, det som på mange vis feilaktig er omtalt som biskopen sitt tilsyn, som bispeembetet, eller det kyrkjelege embetet eller som prestelinja.

Vedkjenningskriftene slår fast at kyrkja sitt grunnleggjande kjenneteikn er samlinga om ord og sakrament. (CA art. V og VII) Tenesta med ord og sakrament er ofte omtala som det kyrkjelege embete. Kyrkja vår seier at det er prestetenesta som forvaltar denne tenesta. Det kyrkjelege embete, eller bispeembetet er altså ikkje ei vidareføring av embetskyrkja slik ho historisk har stått fram då prest/biskop var kongens embetsmann og representant for makta. Når embetslinja i kyrkjeleg organisering blir understreka, er det ikkje for å føre vidare mynde og makt eller stadfeste geistlege maktposisjonar i kyrkja. Det kyrkjelege embete har kyrkja si grunnleggjande teneste som utgangspunkt, nemleg tenesta med ord og sakrament. Diverre har mange rett i at det til tider har vore slik at denne tenesta ikkje alltid har blitt forvalta til beste for medlemene i kyrkja, men det er likevel viktig å halde fram at denne tenesta er grunnleggjande for ei luthersk kyrkje, dersom kyrkja sine vedkjenningskrifter framleis skal gjelde.

Spørsmålet som då blir sentralt når modellar for ny kyrkjeleg organisering skal vurderast, er om modellen tar vare på det særmerkte samvirket mellom råd og embete som kjenneteiknar vår lutherske arv.

### **Den kyrkjelege demografi og geografi**

Den norske kyrkja er samansett og til dels prega av regionale særtrekk. På Nordmøre er mange kyrkjelydar forankra i sterk folkekyrkjetradisjon, prega av stor oppslutnad omkring kyrkjelege handlingar og har høg medlemsprosent. I Romsdal og endå sterkare på Sunnmøre ser vi andre kyrkjelege kjenneteikn, og det blir enno hevda at ein framleis kan sjå kyrkjelege særtrekk i bygder Hans Nilsen Hauge vitja. Vekkingsrørsla og organisasjonane har også tradisjonelt prega mange kyrkjelege miljø sør i bispedømmet. Det er kanskje ikkje så rart at ein kan sjå ulike innsteg og argumentasjon i saka om kyrkjeleg organisering, alt etter kven ein vender seg til. Eit sams kjenneteikn for kyrkja i Møre er likevel høg oppslutning om gudstenester, dåp, konfirmasjon og gravferd og at medlemsprosenten i kyrkja held seg høgare enn i dei fleste andre bispedømme.

Eit anna særtrekk for kyrkja i Møre er også dei geografiske føresetnadane. Sjølv om vi har eit av dei største sokna i landet liggjande i bispedømmet, så er bispedømmet prega av sterke og sjølvstendige bygder mellom fjordar og fjell. Ein har tru på lokalt sjølvstyre fordi dette er dokumentert i eiga erfaring. Slik er det også i kyrkjelydane og i høve til kyrkjeleg organisering. Ein har greidd seg godt og har kompetanse, økonomi og kyrkjeleg integritet slik at ein ikkje utan vidare har tiltru til at ei sams organisering av kyrkja kan leggjast til grunn over alt. Såleis har fleire også teke til orde for at prostifellesrådsmodellen sine løysingar ikkje svarar til den kyrkjelege demografi og geografi som særpregar Møre bispedømme. Difor har ein gitt uttrykk for skepsis til ny organisering, når ein ser at ny organisering lyt bli startskot til vidare endring i prostistruktur og soknestruktur. Ved å ta utgangspunkt i Søre Sunnmøre prosti, ser ein fort at eit prostifellesråd som skal representere 7 kommunar og over 20 sokn er ein utfordrande konstruksjon som alt før den er etablert ropar etter endringar.

I Møre er det 95 sokn. Av desse har 22 sokn under 500 medlemmar og 20 sokn mellom 500 og 1000 medlemmar. 25 sokn har mellom 1000 og 2000 medlemmar. 15 sokn har mellom 2000 og 5000 medlemmar og 13 sokn over 5000 medlemmar. Det vil seie at 67 sokn eller 70% av alle sokn har under 2000 medlemmar.

Det er 25 kyrkjelege fellesråd fordelt på 26 kommunar.

### **Tilsetjing og arbeidgiveri**

Utgangspunkt og fundament for å setje i gang arbeidet med ny kyrkjeleg organisering er ønskje om at etablere ei arbeidsgivarlinje i kyrkja. Denne bestillinga har vore premissleverandør for dei ulike organiseringsmodellar som ein har presentert gjennom åra. Møller-Nilsen rapporten tar utgangspunkt i prostifellesrådsmodellen og presenterer denne i

fleire modellvariantar. Ein skal ikkje ta stilling til dei ulike modellvariantane i denne utgreiinga, men likevel halde fram nokre viktige punkt og vise viktige nøklar til korleis ein kan forstå dei ulike variantane.

Først noko om delegasjon. Fleire år før bispedømmerådet blei arbeidsgivar for prestane, fekk bispedømmerådet delegert tilsetjingsansvar for denne faggruppa. Gjennom desse åra tilsette bispedømmerådet og tok på seg arbeidsgivarplikter innanfor den delegasjon rådet var tiltrudd. I spørsmål om oppseiing eller når arbeidstilhøvet fekk arbeidsrettsleg utfordringar, representerte ikkje lenger tilsetjingsorganet arbeidsgivar. Analogt med dette kan ein tenkje seg at arbeidsgivaransvaret kan leggest til eit organ, medan tilsetjing og dagleg leiing skjer etter delegasjon. Ein kan såleis sjå for seg delegasjon frå både rDnk og frå sokneråd til prostifellesråd. For fellesrådstilsette skjer alt ein slik delegasjon frå sokneråd til fellesråd og for prestar og andre bispedømmerådstilsette skjer ein slik delegasjon frå rDnk til bispedømmeråd.

Uavhengig av arbeidsgivarorganisering skal kyrkja vere nasjonal og landsdekkande. Organisering legg også viktige føringar på ekstern og intern kommunikasjon og interaksjon. Om kyrkja som nasjonal aktør legg arbeidsgivaransvaret på rDnk, vil ein lettare kunne identifisere seg med nasjonale strategiar, arbeide seg fram til fellesløysingar knytt til IKT, HR-arbeid, arkiv, lønn og rekneskap. I tillegg vil tilhøva liggje godt til rette for å vidareføre nasjonale strategiar knytt til gudstenestefeiring, liturgi og teologi.

I stabsutfordringar og med tanke på høvet til å gi tilbod om anna arbeid i organisasjonen, gir også ei nasjonal forankring av arbeidsgivarrolla tilgang til god kompetanse og felles løysingar.

Dersom det er ønskjeleg å utvikle og styrke det regionale preg på kyrkja, å leggje til rette for løysingar som betre tar vare på lokal identitet og særpreg, som tar sterkare omsyn eksisterande kommunalt samarbeid og til aktuell soknestruktur og stadeigne løysingar, så vil delegasjon av arbeidsgivaroppgåver frå sokn til prostifellesråd opne for lokale tilpassingar som kan sjå litt ulike ut. Det er vanskeleg å spå korleis desse ulike måtane å organisere kyrkja på vil manifestere seg om vi vågar å sjå 10 – 30 år framover. Korleis vil valet vårt prege bispedømmeråd og bispedømmet, og korleis vil kyrkjelandskapet sjå ut i dei ulike perspektiva?

### **Demokratisk representasjon og valordningar**

I Møller-Nilsen rapporten er det kyrkjelege demokratiet eit av hovudspørsmåla. Rapporten tek til orde for å vidareføre dei to direkte vala, soknerådsvalet og bispedømmerådsvalet, som no blir kalla kyrkjemøtevalet.

Det er ikkje mange direkte folkevalde organ i Norge, I tillegg til dei politiske vala er det berre dei kyrkjelege vala til sokneråd og til bispedømmeråd som kan reknast som folkevalde organ. Møller-Nilsen rapporten tar til orde for å endre samansetning av kyrkjemøte og bispedømmeråd slik at desse organa skal setjast saman av både direktevalde medlemmer og indirekte valde. Talet på medlemmer som då blir direktevald til Bispedømmeråd/Kyrkjemøtet, blir i ein slik konstruksjon færre enn slik valordninga fungerer i dag. Ein kan då med rette stille spørsmålet om det er forsvarleg å gjennomføre direkteval til bispedømmeråd/kyrkjemøtet, med alle utfordringar og kostnader det fører med seg. Når ein i tillegg ønskjer at val til bispedømmeråd/kyrkjemøte skal gjennomførast som listeval (med fleire vallister og listeprofilar), kan det sjå ut som desse to omsyna blir vanskeleg å sameine.

Møller-Nilsen rapporten tek også til orde for å avvikle val av geistleg og lek repr. til bispedømmeråd. Rapporten går inn for at kyrkjeleg tilsette kan veljast på lik linje med andre medlemmer og såleis representere kyrkja. Det er nokre innvendingar til ei slik ordning.

Det er ikkje uvanleg at styrer har arbeidstakarrepresentasjon. Kompetanse og innsyn i organisasjonen, slik tilsette kan representere, er svært viktig i mange styrer og er ein del av medråderetten i mange organisasjonar. Val av geistleg repr. er også sterkt forankra i samvirket mellom råd og det kyrkjelege embetet. Saman med biskopen strekar geistleg repr.

i rådet under at kyrkja har tenesta med ord og sakrament som utgangspunkt for si organisering. At tenesta med ord og sakrament er til stades i rådet, viser at ny kyrkjeleg organisering byggjer vidare vår eigen tradisjon om samvirke mellom råd og embete.

Ei erfaring frå andre organisasjonar der arbeidstakarrepresentasjon ikkje blir sikra gjennom eigne val, er at tilsette blir representert i dei ulike vallistene. Andre organisasjonar har hatt utfordringar knytt til at tilsette i stor grad også blir valde til å representere organisasjonen i ulike råd og styrer. Det er mange aktive tilsette i kyrkja, både prestar og frå andre stillingsgrupper. Når det blir mogleg for tilsette å stille som kandidat til vallistene, så er mange av kyrkja sine tilsette akta og kjent lokalt. Det er ikkje usannsynleg at summen av tilsette som blir innvalde på vallistene fort kan overstige talet på tilsette som i dag er representert gjennom vala av geistleg og lek tilsett. Det kan føre til utfordringar når ein altfor stor del av organisasjonen sine valde organ blir representert av tilsette i organisasjonen.

Møller-Nilsen rapporten tar også til orde for at kvart bispedømme sin representasjon til Kyrkjemøtet speglar det kyrkjelege medlemstalet i kvart bispedømme. Sjølv om Møre bispedømme har høg medlemsprosent, vil talet på medlemmer bli av det lågaste av bispedømma. Ein ser for seg fleire utfordringar ved ein slik representasjon. For det første vil ei slik endring utfordre eit organ sin sjølvstendige representativitet. Bispedømmeråda, slik dei i dag er representert i kyrkjemøtet, er likestilte og likeverdige organ. Det er ei utfordrande endring i organisasjonen når «kjøtvekta» blir lagt til grunn som erstatning for debatt og dei ulike organa sin sitt likeverd.

Den norske kyrkja skal også vere landsdekkande. Det er avgjerande viktig for kyrkja at kyrkja sit øvste organ representerer heile landet og reflekterer summen av kyrkja gjennom kulturelle, teologiske, etiske, organisatoriske og kyrkjepolitiske særtrekk frå alle bispedømma. Det vil bli opplevd som ein trussel for ei landsdekkande kyrkje om dei mest folkerike områda i landet skulle få meirrepresentasjon i kyrkjemøtet.

Ein prinsipiell konsekvens av tanken om at eit organ er eit organ og like representativt som organet frå eit meir folkerikt område, lyt også leggjast til grunn når ein vurderer små og store sokn sin representasjon i prostifellesrådet. Det er ei demokratisk utfordring om eit råd si vurdering får mindre vekt enn rådet frå ei meir folkerikt organ. Om ein vågar å leggje eit slikt prinsipp til grunn, vil det også få stor betydning for samansetning og storleik av dei ulike sokn og prostifellesråd.

### **Biskopen, arbeidsgivar og/eller tilsyn**

Ein har over gjort kort greie for at det fundamentale samvirket mellom råd og embete lyt førast vidare i ny kyrkjeleg organisering. Slik embete kjem til uttrykk i dag er at biskopen har både tilsyn med og er arbeidsgivar for prestane. Det er vanskeleg å forstå kvar skiljet mellom dei to rollane går og fører nokre gonger til utfordringar slik at tilsette kan føle seg usikre på biskopen sitt mandat/rolle. Denne rollefordelinga kan føre til uklar oppgåvedeling mellom biskop og stiftsdirektør i einskildsaker, og kan også føre til usemje og uklar forståing av rollefordelinga mellom arbeidsgivar (kyrkjeverje) og tilsynet.

Framfor alt representerer biskopen det kyrkjelege embetet i ny organisering av kyrkja. Det er viktig at både tilsette i kyrkja, kyrkjelydar og medlemmer i råd og utval er trygge på tilsynsrolla til biskopen. Ein ser fram til utgreiinga om biskopen sin rolle i ny kyrkjeleg organisering blir ferdig. Men ein ser også at biskopen si rolle som både arbeidsgivar og tilsyn for prestegruppa utfordrar. Uavhengig av kva organisasjonsmodell kyrkjemøtet til slutt vel, vil biskopen ha tilsynsmynde for tilsette og kyrkjelydar. Det er nyttig om bispedømmerådet også reflekterer omkring biskopen sin rolle som arbeidsgivar.

### **Førebels handsaming**

Bispedømmerådet handsamar høyrings sak om ny kyrkjeleg organisering i fleire omgangar. På vegen fram mot høyringsuttale har bispedømmerådet lagt til rette for informasjonsmøter og samtalemøter med både tilsette og med medlemmer i dei kyrkjelege råda. Informasjonsmøta for dei kyrkjelege råda hadde 4 hovudbolkar, det var spørsmålsstillingane

omkring desse som fekk særleg merksemd. Dette var overskrift på dei ulike informasjonsbolkane.

- 1) Det kyrkjelege demokrati
- 2) Kyrkja og kommunen
- 3) Biskopen sin rolle
- 4) Arbeidsgivarorganisering

I saksutgreiinga over har ein gjennom dei ulike innsteg prøvd å setje fokus på ein del fokusområder knytt til pk 1), 3) og 4).

Med omsyn til den andre informasjonbolken, kyrkja og kommunen, har prosjektgruppa ført samtalar med dei daglege leiarane i dei 3 regionråda. Sidan kommunane skal levere eiga høyringsfråsegn innan 15. okt., utarbeidde regionråda framlegg til høyringssvar på vegne av kommunane. Mange kyrkjeverjer har hatt god dialog med sine kommunar fram mot høyringsfristen. Spørsmål om tilhøvet mellom kyrkja og kommunen får godt fokus i desse høyringsuttalane.

### **Endeleg høyringsfråsegn**

Ein av dei som har lagt til rette for høyringa i nabobispedømmet vårt, prost Gustav Danielsen i Nidaros, skreiv lesarbrev i avisa Vårt Land (5. sept). Etter å karakterisere dei ulike høyringsdokumenta, summerer han opp høyringsinstansane sine utfordringar i tre spørsmål.

- 1) Skal vi innføre ordning med prostifellesråd?
- 2) Hvor skal ansettelsen skje?
- 3) Kven skal lede prostifellesrådet?

Desse spørsmåla er heilt sentrale. Når bispedømmerådet blir utfordra til å gi innhald til dei 15 høyringsspørsmåla, bør ein refleksjon omkring desse 3 grunnleggjande spørsmåla leggjast til grunn.

Saksutgreiinga til denne saka har ikkje gitt skisse til svar på nokon av spørsmåla, men vi trur likevel at refleksjonar rundt aktuelle tema fører bispedømmerådet nærare eiga fråsegn.

Basert på samtale i og vedtak av bispedømmerådet i denne saka, vil administrasjonen leggje til rette for å utarbeide høyringsfråsegn og leggje denne fram for bispedømmerådet til endeleg handsaming 26. november.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd ber om å få forslag til høyringsuttale til handsaming i neste møte på grunnlag av dei innspel og kommentarar som er gitt i saka.



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	411	21/03357-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
62/21	Møre bispedømmeråd 2020-2023	15.10.2021

## Kyrkjemøtet 2021 - Møre bispedømmeråd si førebuing

### Vedlegg:

Innkalling til Kirkemøtet 2021  
 Sakliste KM 2021  
 Programskisse KM 2021 vedtatt KR  
 Orientering om sakene og behandlingen  
 Kirkemøtets forretningsorden (1)

### Saksorientering

Møre bispedømmeråd førebur seg i denne saka til Kyrkjemøtet 2021. Saker til Kyrkjemøtet blir gjennomgått med utgangspunkt i saksframlegga som ligger her: [https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter\\_vedtak/kirkemotet-2021/](https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-2021/)

Fullstendig innkalling ligger for medlemmar av Kyrkjemøtet i eMeetings. Dei fleste sakene er lagt ut 5. september, med nokre unntak – jfr informasjon gitt i innkallingsdokumentet.

I tillegg til saker er det aktuelt å førebu seg til genereldebatten eventuelt å drøfte aktuelle tema med dei andre rådsmedlemmene.

I samband med førebuinga til Kyrkjemøtet i dette møtet, er saker fordelt på medlemmane slik at kvart medlem førebur seg særskilt og legger saka fram for bispedømmerådet til orientering/gjennomgang/drøfting. Stiftsdirektør er ikkje kjent med fordeling av saker på komiteer, så sakene er fordelt etter skjønn. Det er høve til å bytte sak medlemmene imellom om forslaget frå administrasjonen ikkje skulle passe.

Oversyn over saker med ansvar for særskilt førebuing går fram av lista nedanfor.

**KM 05/20** Kontrollutvalgets rapport om Kirkerådets oppfølging av Kirkemøtets vedtak.

**Therese Utgård Aas**

**KM 06/20** Valg og oppnevninger

1. Valg av dirigentskap for møtet
2. Valg av tellekorps
3. Supplerende fordeling av medlemmer på Kirkemøtets komiteer

**Therese Utgård Aas**

**KM 07/20** Orienteringssaker

1. Årsrapport for Den norske kirke 2019 og 2020
2. Årsrapport fra Bispemøtet 2019 og 2020
3. Protokoll fra Ungdommens kirkemøte 2019 og 2020
4. Årsmelding fra Døvekirken 2019 og 2020
5. Årsmelding fra Sjømannskirken/Norsk kirke i utlandet 2019 og 2020

**Frode Rabbevåg**

**KM 08/21** Kirkemøtets fordeling av midler 2022 og budsjett 2021

**Frode Rabbevåg**

**KM 09/21** Den norske kirkes globale oppdrag

**Monika Tettli**

**KM 10/21** Overordnede problemstilling ved endring av kirkevalgreglene m.m.

**Olav Myklebust**

**KM 11/21** Endringer i kirkeordningen og enkelte andre regelverk

**Olav Myklebust**

**KM 12/21** Helhetlig menighetsplan

**Olav Rønneberg**

**KM 13/21** Kontrollutvalgets melding til Kirkemøtet

**Therese Utgård Aas**

**KM 14/21** Endringer i kirkeordningens kapittel om kirkebygg m.m.

**Olav Rønneberg**

**KM 15/21** Mer himmel på en truet jord – Den norske kirkes arbeid med klima, miljø og bærekraft mot 2030

**Rikke Kopperstad**

**KM 16/21** Fjernmøter og skriftlig saksbehandling i kirkelige rådsorganer

**Olav Myklebust**

**KM 17/21** Rekrutteringsstrategi for Den norske kirke

**Ole Martin Grevstad**

**KM 18/21** Støtte til nomineringsgrupper som har medlemmer i Kirkemøtet

**Therese Utgård Aas**

**KM 19/21** Tilkjenning av medlemskap

**Olav Myklebust**

**KM 20/21** Fornyelse av virksomhetsregler for menighetsråd og kirkelige fellesråd, bispedømmeråd og Kirkerådet

**Olav Myklebust**

**KM 21/21** Kirkelig kulturarvstrategi

**Ingeborg Midttømme**

**KM 22/21** Strategi for Den norske kirke

**Ole Martin Grevstad**

**KM 23/21** Konfirmasjonstidens gudstjenester

**Arne Moltubak**

**KM 24/21** Kvalifikasjonskrav for kirkelige stillinger

**Arne Moltubak**

**KM 25/21** Forholdet mellom Kyrkjerådets arbeidsgjevarutval og Kyrkjerådet

**Olav Myklebust**

**KM 26/21** Endringer i Kirkemøtets forretningsorden (retting av inkurie)

**KM 27/21** Val av eksternrevisor

**Frode Rabbevåg**

**KM 28/21** Ressursfordelingsmodell for prestatjenesten

**Frode Rabbevåg**

**KM 29/21** Reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

**Olav Rønneberg**

**KM 30/21** Særskilde preiketekstar

**Arne Moltubak**

### **Forslag til vedtak**

Det er ikkje lagt opp til vedtak i denne saka



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	003	21/00273-6	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømmeråd 2020-2023	15.10.2021

## Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 15.10.21

### Vedlegg:

Oppfølging av det regionale arbeidet etter SMM-evalueringen0  
 Delingsprosjektet - overføring av eiendommer til Den norske kirke(1024783)  
 Endelig liste over boliger per 1. sept. 2021(1023055)

### Saksorientering

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktivitetar. Saka kan bli oppdatert frå tidspunkt då innkalling blir sendt, fram til møtet blir halde.

#### Skriftlege orienteringar:

1. Tidlegare biskop i Møre – Ole Nordhaug – døyde 19/9-21 og vart gravlagt frå Oppsal kyrkje i Oslo 29/9-21 – 96 år gamal. Møre bispedømme var representert ved biskop Ingeborg Midttømme, stiftsdirektør Bjørn Olaf Storhaug, prost Svein Runde og tre tidlegare medarbeidar av Ole Nordhaug. Minneord ligg på Møre bispedømme sine heimesider her: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/more/aktuelt/minneord%20ole%20nordhaug/> og her: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/more/aktuelt/ole%20nordhaug%20-%20f%C3%B8rste%20biskop%20i%20m%C3%B8re%20-%20er%20d%C3%B8d/>
2. Ny kyrkjeleg organisering – høyringsprosess  
 Regionvise informasjonsmøte knytt til høyringsprosess for ny kyrkjeleg organisering er gjennomført:  
     Søre Sunnmøre – Ulsteinvik 21/9  
     Nordre Sunnmøre – Ålesund 22/9  
     Romsdal – Molde 28/9  
     Nordmøre – Kristiansund 29/9  
 Informasjon om ny kyrkjeleg organisering ligg på bispedømmet sine heimesider her: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/more/ny%20kyrkjeleg%20organisering%20-%20m%C3%B8re/>
3. Visitasar 2021



Det er gjennomført bispevisitas i Aukra i veke 22, Aure i veke 23 og Sandøy i veke 32. Det blir halde bispevisitas i Borgund/Ellingsøy i veke 43.

Biskopen har studiepermisjon i vekene 47-52 og 1-3. Domprost Olav Gading er fungerande biskop

4. Ledige stillingar og rekruttering  
Status for ledige stillingar blir orientert om i møtet.
5. Økonomistatus  
Økonomirapport for 3. kvartal er ikkje klar før 25/10. Det blir gitt ei munnleg statusoppdatering i møtet ut frå førebelse tal.
6. Høyringsaker:  
Det er gitt administrativt høyringssvar om endringar i reglar i lov om kyrkjegardar.
7. Oppfølging av det regionale arbeidet etter SMM-evalueringa  
Sjå brev – førebels til orientering. Saka kjem til bispedømerådet i eit seinare møte.
8. Delingsprosjektet mellom OVF og Den norske kyrkja  
Status går fram av vedlagte brev og liste over bustadar
9. Kyrkjerådet sitt møte 23-24/9  
Saksdokument og vedtak ligg ved å følgje denne lenka:  
<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/saksdokumenter-og-vedtak/>
10. Arbeidsplassundersøking  
Det vil i haust bli gjennomført ein arbeidsplassundersøking for alle tilsette i trussamfunnet Den norske kyrkja – både for fellesrådstilsette og bispedømerådstilsette.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tar orienteringane til vitande